



Statens vegvesen
Postboks 1010 Nordre Ål
2605 LILLEHAMMER

Referanser:
Dykkar:
Vår: 21/345 - 21/47700

Saksbehandlar:
Anne Lise Molvik
anne.lise.molvik@alver.kommune.no

Dato:
01.07.2021

Vedtak til klagevurdering - gbnr 173/3 Rydland

Tiltak: Ombygging og reparasjon av løe
Byggjestad: Gbnr: 173/3
Tiltakshavar: Inge Hermann Rydland
Ansvarleg søkjar:

Saka gjeld søknad om dispensasjon frå arealføremålet landbruk-, natur- og friluftsføremål (LNF) i kommunedelplanen for Lindås 201 9 –2031 og løyve til for oppføring av påbygg, rehabilitering og fasadeendring av eksisterande løe på gbnr 1 73/3. Omsøkte påbygg medfører at mønehøgda vert heva ca. 1 ,5 meter. Bygd areal vert uendra.

Planstatus

Eigedomen ligg i uregulert område innanfor det som i kommunedelplanen for Lindås sin arealdel (planid 1263-201805) er definert som LNF-føremål med omsynssone landbruk H510_oL30. Den Trondhjemske postvegen går nordaust for tiltaket, men tiltaket berører ikkje omsynssona H570_oK18 rundt kulturminnet.

Tiltakshavar er ikkje busett på eigedomen, men driftar skog. Naboar slår og haustar delar av marka (17 daa). Det vert vurdert at tiltaket krev dispensasjon frå arealføremålet i kommunedelplanen og byggegrensa mot fylkesveg etter veglova.

Uttale frå anna styresmakt

Søknaden har vore send på høyring til Vestland fylkeskommune, Statsforvaltaren i Vestland, Alver kommune si kulturavdeling og Alver kommune si landbruksavdeling. Søknaden har ikkje vore send på høyring til Statens vegvesen som eigar av den Trondhjemske postveg som går over eigedomen.

Vestland fylkeskommune har uttalt at dei er skeptisk til tiltaket ut frå forhold som er knytt til fylkesvegen.

Politisk handsaming

Alver kommune har gitt dispensasjon frå arealføremålet LNF i vedtak datert 30.06.2021.

